



Frode Ynnesdal  
Selfallet 120  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/6159 - 23/65422

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
23.08.2023

## Ferdigattest tilbygg - gbnr 445/408 Manger nedre

**Administrativt vedtak:** Saknr: 874/23  
**Tiltakshavar:** Frode Ynnesdal  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK

**Det vert gjeve ferdigattest for tilbygg til einebustad på gbnr 445/408.  
Vedtaket vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 21-10.  
Tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring  
krev særskilt løyve, jf. pbl. §201, bokstav d.**

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 26.10.2015.

Det vert elles vist til søknad motteken 18.08.2023.

### Skildring

Adresse:	Selfallet 120
Bygningstiltak:	Einebustad – tilbygg (sportsbod)
Bygningsnummer:	300044029 -1
Bruksareal:	13,9m <sup>2</sup>

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/6159

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakar:**

Frode Ynnesdal

Selfallet 120

5936

MANGER